



Grusbana – over til kommunen?

**Det har enno ikkje kome nokon offisiell reaksjon frå kommunen på utspelet frå Uskedalen Idrettslag om å overdra grusbana ved oppvekstsenteret til kommunen, men no er det lagt opp til eit drøftingsmøte om saka. Det skal haldast i rådhuset tirsdag 12. juni.**

Saksbehandlar Jarle Fossheim formulerer seg slik i brevet til leiar i idrettslaget Michael V. Røsland:  
"- Før kommunen tek endeleg stilling til Dykkar tilbod, så ynskjer vi eit møte med representantar for laget Dykkar, der vilkåra for ei slik overdraging kan drøftast".